



Nordfjord vassområdeutval

Referat Nordfjord vassområdeutva, 22.01.2015.

Tid: torsdag 22. januar 2015 kl 10.00 – 14.00

Stad: Sandane, kommunestyresalen

Desse møtte:

Anders Ryssdal, Gloppen kommune (leiar)
Jostein Moldestad, Gloppen kommune (adm)
Espen Gulliksen, Bremanger kommune
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune (adm)
Jakob Hammer, Stryn kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune (adm)
Stanislawa Voldsund, Eid kommune (adm)
Kristian Nave, Selje kommune (adm)
Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune (adm)
Jakob A Sandal, Jølster kommune
Jon Åge Torheim, Hornindal kommune
Merete Farstad, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Marte Kristin Rosnes, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Merete Helgheim, Mattilsynet, regionkontoret for Hordand og Sogn og Fjordane
Janne Ølmheim, Statens vegvesen Region Vest
Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Ikkje utvalsmedlemar:

Thorleif Jacobsen, Norges Naturvernforbund, Sogn og Fjordane
Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane
Anita Sæther, Sogn og Fjordane Bondelag
Vegard Fagerli, Sogn og Fjordane Energi
Bernt Reed, Gloppen kommune, landbrukskontoret

SAKER

Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader

Sak 1-2015 Problemkartlegging i høve avløp og jordbruk.

Arbeidsutvalet i Nordfjord vassområde har fått utført problemkartlegging og tiltaksanalyse i høve ureining frå jordbruk og avløp i vassdrag som er utpeika av Fylkesmannen si landbruksavdeling. Oppdraget vart utlyst 19.03.2014 som offentleg innkjøp med tilbudsfrist

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr.:	E post:
Gloppen kommune	57 88 38 00	57 88 38 01	964 969 124	post@gloppen.kommune.no
Grandane 9	90 40 26 61			
6823 Sandane				



Nordfjord vassområde

16.04. Asplan Viak vann konkurransen om oppdraget som starta opp i mai. Asplan Viak v/ Anders Yri vil presentere prosjektet på møtet.

Vedlegg: Hovudrapport og 23 delrapportar. (Papirutgåver vil bli lagt fram på møtet)

Det er tilstreba å dimensjonere innsatsen pr kommune i forhold til kva kommunen har betalt inn til prosjektet. Då det var ønske om større innsats i tre kommunar vart dette løyst ved ekstra midlar frå desse kommunane (Gloppen 60 000, Jølster 49 000 og Stryn 40 000). Totale kostnader for overvaking i prosjektet går fram av tabellen nedanfor. Til samanlikning viser kolonnen lengst til høgre kor mykje kvar kommune har bidrege økonomisk inn i prosjektet i 2012 - 2014.

	Kjemi	Begroing	Sjøbotn	Strand -sone	Jordbruk avløp	Sum kostnader	<i>Totalt finansiert</i>
Bremanger	2 400	2 000	107 000	38 000	24 000	173 400	238 330
Eid	16 800	14 000	150 675	28 941	119 000	329 416	269 955
Gloppen, Jølster	24 000	16 000	150 675	28 941	365 000	584 616	429 689
Hornindal	14 400	10 000	0	0	94 000	118 400	114 309
Selje	0	2 000	100 450	28 941	45 000	176 391	187 859
Stryn	21 600	16 000	0	0	165 000	202 600	163 348
Vågsøy	2 400	2 000	200 900	28 941	47 000	281 241	335 601
SUM	81 600	62 000	709 700	153 765	859 000	1 866 065	1 739 090

Framlegg til vedtak:

1. Nordfjord vassområdeutval tar rapporten «Problemkartlegging og tiltaksanalyse for utvalde vassførekomstar» til vitande.
2. Tiltaka som er føreslått i rapporten i høve jordbruk og separate avløp, skal vere utgangspunkt for drøftingar i dialog med bondelag og andre interesseorganisasjonar, før kommunane konkretiserer kva for tiltak som ein bør gå vidare med. Viktig forå for slik dialog er temagrupper, som vil bli oppretta i følgje revidert prosjektplan for Nordfjord vassområde.

22.01.2015 VASSOMRÅDEUTVALET

1-2015 Vedtak

Framlegget vart samrøystes vedteke



Nordfjord vassområde

Sak 2-2015 Organisering , vidareføring av prosjekt og prosjektleiarstilling

Bakgrunn

Gjeldande prosjektplan for Nordfjord vassområde skildrar bakgrunn for prosjektet, mål, organisering, arbeidsoppgåver, økonomi og finansiering, og omfattar perioden 2011 – 2015. Alle kommunar som er med å finansiere vassområdet har slutta seg til prosjektplanen gjennom vedtak i kommunestyre eller formannskap. Prosjektplanen budsjetterer med kostnader med prosjektleiarstilling, møte- og kursutgifter og miljøovervaking / kartlegging, totalt kr 1 100 000 pr år. Dette er finansiert av kommunane (deler på 50 %), Fylkeskommunen (25 %) og Fylkesmannen (25 %). Dei to sistnemnde har innvilga midlar for 1 år om gangen.

Gloppen kommune er vertskommune, og har tilsett prosjektleiar til og med 31.12.2014. Tilsettinga er forlenga til 31.03.2015. Det er behov for at prosjektet held fram ut 2015, slik prosjektplanen legg opp til. Det er også behov for vidareføring av prosjektet etter 2015, då tiltaksprogrammet skal følgjast opp med gjennomføring, rapportering, overvaking m.m. og revisjon av plandokument for neste 6-årsbolk. Det er brei oppfatning at ein då bør ha prosjektleiar i 50 %.

Ny ordning

Ein planlegger no å endre på organiseringa, slik at Fylkeskommunen tek over som arbeidsgjevar av prosjektleiar i fast 100 % stilling, som skal dekke både Nordfjord og Sunnfjord. Dette fordi det er vanskeleg å rekruttere / halde på prosjektleiar i kortvarige engasjement og deltidsstillingar. Andre fordeler er auka tilgjengelegheit, samt at mange oppgåver vil vere rasjonelt å løyse av ein felles prosjektleiar, til dømes informasjon, saksutgreiing til møter i vassområdeutvala og innkjøp av konsulenttenester . Det ville også vere problematisk for ein vertskommune å ta risikoen med fast tilsetting utan sikkerheit for langsiktig finansiering frå Fylkeskommune og Fylkesmann.

I møte 20.08.2014 gjorde Sogn og Fjordane vassregionutval slikt vedtak:

Vassregionutvalet ber vassregionmynda å arbeide fram eit konkret framlegg til ny organisering og finansiering av arbeidet med oppfølging av forvaltningsplan, tiltaksprogram og overvåkingsprogram.

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak 24.09.2014:

1. Fylkesutvalet ser behov for å styrke arbeidet med vassforvaltning gjennom å skape meir føreseielege rammer og etablere eit sterkare fagmiljø i arbeidet.

2. Fylkesutvalet sluttar seg til at fylkesrådmannen søker å få etablert eit samarbeid med vassområda Sunnfjord og Nordfjord for å få på plass ein felles prosjektleiar for desse områda, der fylkeskommunen tek arbeidsgjevaransvaret. Det må vere ein



Nordfjord vassområde

føresetnad at stillinga vert finansierast som i dag, ved at stat, fylkeskommune og kommunane i dei to vassområda forpliktar seg til å vidareføre dagens spleiselag.

3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gjennomføre tilsvarande samtalar med kommunane i vassområda Indre og Ytre Sogn for å avklare om det er grunnlag for å etablere ei felles stilling også for desse to vassområda. Ei ev. fellesstilling her må byggje på tilsvarande føresetnader som for Nordfjord og Sunnfjord.

Kontorstad for prosjektleiaren må avklarast i samband med tilsettinga. Gloppen kommune har erklært at dei kan stille kontor til rådighet.

Endringane medfør at prosjektplanen for vassområdet må reviderast og vidareførast i perioden etter 2015. Sjå sak 3-2015.

Framlegg til vedtak:

- 1. Nordfjord vassområdeutval sluttar seg til at Fylkeskommunen tilsetter prosjektleiar i 100 % fast stilling, felles med Sunnfjord vassområde. Tilsetting så snart som råd i 2015. Ordninga føreset at kommunane i fellesskap finansierer 50 % av projektkostnadene etter ein fordelingsnøkkel, som omtalt i prosjektplan for 2016 - 2021.*
- 2. Kontorstad for prosjektleiaren vert avtalt mellom Fylkeskommunen, prosjektleiaren og kontorvert (kommune).*

22.01.2015 VASSOMRÅDEUTVALET

2-2015 Vedtak

Framlegget vart samrøystes vedteke

Sak 3-2015 Prosjektplan 2016 - 2021

Gjeldande prosjektplan

Gjeldande prosjektplan av 31.05.2011 viser organiseringa og finansieringa av Nordfjord vassområde, samt framdriftsplan og ei oversikt over arbeidet som skal utførast. Planane for framdrift og finansiering strekker seg til og med 2015. Det er såleis behov for ei oppdatering for at prosjektplanen skal vere dekkande for tida frå og med 2016.

Revidert prosjektplan

Innføring av felles prosjektleiar for Nordfjord og Sunnfjord vassområder, med Fylkeskommunen som arbeidsgjevar, (jamfør Sak 3-2015) medfør at prosjektplanen for vassområdet må reviderast og vidareførast i perioden etter 2015. I perioden 2016 – 2021 skal



Nordfjord vassområde

forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet som no er på høyring settast i verk. Dette inneber mellom anna at status for tiltak skal innhentast og rapporterast, og det skal takast prøver for å vurdere om tiltaka har ønska effekt. I same perioden skal plandokumenta reviderast for neste 6-årsbolck, 2022 – 2027, med involvering av statlege styresmakter, kommunar, fylkeskommune, private verksemdar, organisasjonar og einskildpersonar.

Fylkeskommunen og prosjektleiar har i samarbeid laga framlegg til revidert prosjektplan for Nordfjord vassområde. Prosjektplanen skal forankrast gjennom politisk vedtak i kvar kommune som er omfatta av finansieringa.

Økonomi

Årleg prosjektkostnad er 770 000 kr. Det er lagt opp til at Fylkeskommunen og Fylkesmannen til saman dekker 50 %, medan kommunane i vassområda dekker resterande 50 % etter ei fordelingsnøkkel, der 1/3 av beløpet vert likt fordelt, 1/3 fordelt etter folketalet og 1/3 fordelt etter landareal. Dette er same fordelingsnøkkel som vert nytta i Sunnfjord vassområde. Dette avviker frå fordelinga som vart nytta i Nordfjord 2012 – 2015, då fordelingsnøkkelen til Nordfjorderådet vart nytta (25 % likt fordelt og 75 % fordelt etter folketal). Ved å også legge areal til grunn vert kostnadene fordelt meir i samsvar med utfordringane i kommunane.

Kommune	Folketal pr 2014	Landareal km ²	1/3 lik fordeling	1/3 etter folketal	1/3 etter landareal	Sum pr år
Bremanger	3 950	832	18 333	15 928	25 230	59 491
Eid	5 926	469	18 333	23 895	14 222	56 451
Gloppen	5 694	1 040	18 333	22 960	31 537	72 831
Hornindal	1 223	192	18 333	4 932	5 822	29 087
Selje*	1 808*	145*	18 333	7 292	4 397	30 022
Stryn	7 134	1 377	18 333	28 766	41 757	88 857
Vågsøy	6 091	177	18 333	24 561	5 367	48 262
SUM:	31 826	4 232	128 333	128 333	128 333	385 000
Fylkeskommune + Fylkesmann						385 000
Totalt 2016						770 000



Nordfjord vassområde

Til samanlikning ville kostnadsfordelinga etter Nordfjordrådsmodellen vore slik:

Kommune	Folketal pr 2014	25 % lik fordeling	75 % etter folketal	Sum pr år
Bremanger	3 950	13 750	35 837	49 587
Eid	5 926	13 750	53 765	67 515
Gloppen	5 694	13 750	51 660	65 410
Hornindal	1 223	13 750	11 096	24 846
Selje*	1 808*	13 750	16 406	30 156
Stryn	7 134	13 750	64 725	78 475
Vågsøy	6 091	13 750	55 262	69 012
SUM:	31 826	96 250	288 750	385 000
Fylkeskommune + Fylkesmann				385 000
Totalt 2016				770 000

Vedlegg: 1) Utkast til prosjektplan 2016 – 2021 og 2) Prosjektplan 2011 – 2015 (av 31.05.2011).

Framlegg til vedtak:

- Nordfjord vassområdeutval godkjenner framlegget til revidert prosjektplan.*
- Medlemene frå administrasjonen i kommunane tar initiativ i eiga kommune for politisk behandling med målsetting om å vedta prosjektplanen med finansieringsplan innan april 2015.*

22.01.2015 VASSOMRÅDEUTVALET

3-2015 Vedtak

Framlegget vart samrøystes vedteke, med følgjande merknad frå Bremanger og Hornindal kommunar:

Framlegg til ny fordelingsnøkkel gir økonomisk negative konsekvenser for våre kommuner.

Sak 4-2015 Høyring av regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram

Regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for 2016 – 2021 vart lagt på høyring 01.10.2014, med høyringsfrist 31.03.2015. Høyringsdokumenta ligg på www.vannportalen.no (ein vel region Sogn og Fjordane).



Nordfjord vassområde

Denne høringa er spesielt viktig på grunn av at høyringsutgåva har store manglar på tiltakssida. For mange vassførekomstar manglar tiltak, mange tiltak manglar kostnader og miljømål er mangelfullt utgreia.

Oversendingsbrevet, side 2, gir ei god oppsummering av kva ein spesielt ønskjer innspel på:

Fylkesutvalet for Sogn og Fjordane oppmodar høyringsinstansane om å vurdere særskilt:

- *At alle tiltak er grunngjeve ut frå heimelsgrunnlag og realistiske kostnad/nyttevurderingar.*
- *At prioritering av tiltak har grundig avveging mellom omsyn til både miljøvinst og realisme for gjennomføring.*
- *Framlegg til prioritering av regulerte vassdrag til revisjon og høve til lokal medverknad.*

Vi er avhengige av gode innspel og kunnskap frå nasjonale – og regionale sektorstyresmaktar, kommunar, interesseorganisasjonar, einskilde næringar og innbyggjarane for å lage ein god vassforvaltningsplan. Vi ber difor spesielt og om innspel på:

- ✓ *Kjennskap til eksisterande kunnskap som ikkje er lagt til grunn i planen.*
- ✓ *Er framlegget til forvaltningsplan og tiltaksprogram tydeleg på kva som er dei viktigaste utfordringar for vassregionen framover?*
- ✓ *Miljømål*
 - *Er miljømåla tydelege ?*
 - *Er det tydeleg kva for vassførekomstar som får unntak frå miljømålet om god tilstand innan 2021*
 - *Er planen realistisk i omsyn til tidspunkt for gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla?*
 - *Er det trong for strengare miljømål i særskilte vassførekomstar og / eller nedbørfelt?*
 - *Er det framlegg til andre miljømål?*
- ✓ *Tiltak*
 - *Kva for tiltak, tema og ev geografiske område bør prioritertast ?*
 - *Er det framlegg til andre tiltak for å nå miljømåla?*
 - *Kostnadsutrekningar og nyttevurderingar av tiltak*
- ✓ *Er det samsvar mellom føreslegne miljømål og tiltak?*
- ✓ *Kva for nye eller betre verkemidlar er det bruk for?*
- ✓ *Er det konsekvensar i planforslaget som ikkje er kome med?*
- ✓ *Er det samsvar med dei føreslegne prioriteringar og øvrige samfunnsformål?*
- ✓ *Gir framlegget til plan eit godt grunnlag for prioriteringar for kommunane og sektorstyresmakter?*
- ✓ *Er det tydeleg korleis plandokumentet vert brukt vidare i forvaltning av vatnet?*

Ein bør særleg sjå på tiltak der ein er oppført som ansvarleg styresmakt og/eller tiltakshavar, og spele inn eventuelle rettingar og oppdateringar.

Tiltak, miljømål m.m. finn ein i vedleggstabellar til tiltaksprogrammet. Her står alle vassførekomstar i risiko oppført, med ei linje per påverknad.

Tabellen finst i tre utgåver:

- A) PDF-utgåve – her må du bla deg ned gjennom alle vassførekomstar i fylket med risiko for ikkje å oppnå standard miljømål innan 2021.



Nordfjord vassområde

- B) Excel-ark, «Samleark» (fullstendig utgåve. Du kan nytte «filterpilane» ved kolonneoverskriftene til å velje kommune, styresmakt, påverknad m.m.)
- C) Excel-ark, «pdf.papirtabell» (same innhald som PDF-utgåva, men med «filterpilar» ved kolonneoverskriftene)

Ordforklaring miljømål:

GØT = God økologisk tilstand, dvs standard miljømål, der ikkje unntak er vedtatt.

GØP = God økologisk potensiale. Betyr at vassførekomsten er utpekt som sterkt modifisert (Vassforskrifta §5). Miljømål blir sett individuelt for vassføreke (til dømes «Fungerende økosystem», «Levedyktig bestand av innlandsaure» osv.

MSM = Mindre strenge miljømål (Vassforskrifta §10) – Nasjonale føringer tilseier at dette kun gjeld vassdrag som er tørrlagde pga regulering.

Årstal viser når miljømålet er venta å bli oppnådd. Normalt er dette 2021, men kan vere utsett til 2027 eller 2033 (dvs utgangen av dei 2 påfølgjande forvaltningsplanperiodane), med heimel i Vassforskrifta §9.

Eid kommune har behandla høyringsinnspel i kommunestyret 11.12.2014 (Sak 134/14).

Jølster kommune har handsama og komme med fråsegn til Regional plan for Vassforvaltning. Vedtaket gjort av utval for plan og utvikling 29.10.2014 (Sak UPU-096/14).

I Nordfjord vassområde er det behov for innspel på følgjande i forhold til tiltaksprogrammet:

- Kommunar og NVE bør spele inn tiltak i elvar som er påverka i vesentleg grad av flomverk, forbygging, kanalisering og liknande fysiske endringar. Der det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om i kva grad økologien er påverka av desse fysiske endringane, er det naturleg å starte med problemkartlegging som tiltak. Avbøtande tiltak vert då utsett, og også fristen for oppnåing av miljømål må utsettast i medhald av Vassforskrifta §9.
- Virkemiddel og ansvarleg styresmakt for flomverk, forbygging og kanalisering bør avklarast sentralt og kommuniserast til vassregionane.
- NVE bør spele inn tiltak og / eller tiltakskostnad innanfor sitt ansvarsområde på dei vassførekomstar der dette mangler.
- Fiskeridirektoratet bør spele inn oppdatering av økologisk tilstand, risiko og eventuelle tiltak i høve rømt oppdrettsfisk, samt kostnader for tiltak.
- Mattilsynet bør spele inn oppdatering av økologisk tilstand, risiko og eventuelle tiltak i høve lakselusspreiing frå akvakultur, samt kostnader for tiltak.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane bør spele inn kostnader for sine tiltak, der dette mangler.



Nordfjord vassområde

- Miljødirektoratet bør spele inn prioriterte tiltak i Nordgulen i høve Elkem Bremanger.
- Miljødirektoratet bør spele inn kostnader for tiltak i vassførekomstane Riseelva (086-127-R), Fessene/ Førdeelva/ Daleelva (086-159-R) og Gloppeelva (087-14-R).

Framlegg til vedtak:

1. Nordfjord vassområdeutval oppmodar kommunar og statlege styresmakter å kome med høyringsinnspel i følgje saksutgreiinga.
2. Nordfjord vassområdeutval er samde om følgjande høyringsuttale, som vil bli sendt til Vassregionmynda (Sogn og Fjordane fylkeskommune):
 - a. Nordfjord vassområdeutval vil framheva behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hold for å sikra implementering av direktivet i vassforvaltninga og gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområder.
 - b. Nordfjord vassområdeutval har ikkje merknader til kapitlet «Prioriteringar i vassregionen» i regional forvaltningsplan.
 - c. Nordfjord vassområdeutval framhevar behovet for ei avklaring om virkemiddel og ansvarleg styresmakt for flomverk, forbygging og kanalisering av elvar.
 - d. Nordfjord vassområdeutval spelar inn problemkartlegging som tiltak og utsett frist for oppnåing av miljømål til 2027 (Vassforskrifta §9) for følgjande vassførekomstar:
 - Vassførekomstar i Jølster kommune: Øygrova nedre, Paulselva bekkefelt, Bolsetelva (087-142-R), Befringselva (087-42-R) og Stardalselva/Votedalselva (087-57-R)
 - Vassførekomstar i Stryn kommune: Stryneelva (088-13-R), Høgalmelva (088-24-R), Sideelver til Stryneelva (088-29-R), Hjelledøla med sideelver (088-31-R), Oldenelva (088-3-R), Loenelva nedre del (088-40-R), Ulva (089-24-R), Blaksetelva-Øyestadelva-Svåna (089-25-R), Strynebukta (0282012100-2-C), Kjeldeflata-Tonningsleira (088-138622-L)
 - Vassførekomstar i Gloppen kommune: Ryggelva (087-135-R), Myklebustdalselva (087-13-R), Kandalselva (087-47-R)

22.01.2015 VASSOMRÅDEUTVALET

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved Merete Farstad orienterte om høyringa.

Vegard Fagerlid orienterte om Sogn og Fjordane Energi sitt høyringsinnspel.

4-2015 Vedtak

Framlegget vart samrøystes vedteke